

# Kveikjande klåre

Kilde : Dag og Tid – papirutgaven, side 33

Dato : 16. jan.

Søk : lawo

Medietype : PRINT

Kildetype : Newspaper

Lesertall : 15000

DAG OG TID FREDAG 16. JANUAR 2015

MELDINGAR 33

«Dette er saker!»  
Øyvind Vågnes om BC Camplight

THE WATERBOYS MODERN BLUES



## Wallumrød er sjef

Christian Wallumrød både utfordrar og forfører på ny plate.

JAZZ



CHRISTIAN WALLUMRØD:  
**Pianokammer**  
HUBRO HUBROCD2542

Ein av dei store personlegdomane i norsk og europeisk samtidsmusikk har laga si første soloplate. Det er overraskande, for Christian Wallumrød debuterte som plateartist for 22 år sidan med *Airamer*, og seinare medverka han på minst like mange plater i eige eller andre sitt namn. Det som i sterkast grad har gjeve Wallumrød den posisjonen han har, er dei fem ECM-utgjevingane med ensemblet.

FORSTERKAR POSISJONEN

Eg vågar lågoddspåstanden at dette vil føya seg inn i rekkja av Wallumrød-utgjevingar som berre vil forsterke posisjonen hans. Dei seks komposisjonane kan lyttast på eins kildvis, men ei samanhengande gjennomføring legg dimensjonar til musikken. Wallumrød har som produsent gjeve estetiske føringer for pianisten og komponisten Wallumrød profitterer på.

Han vekslar mellom det søkjande og forførande og endar plata med å sameina dei to i låten «Lassome». Han byrjar med eit enkelt, fengjande ostinat som blir teke opp att nett så mange gonger at ein tryglar om framhald, og så faldar eit like enkelt, like fengjande gospelliknede tema seg ut, og han held oppe den musikalske spaninga med sikker sans for minimalistiske verkemiddel før låten glid inn og over i klanguniverset i «Fahrkunst» som plata byrja med. Ringen er slutta.

EIN BAUTA

Inspirasjonen frå Jarrett finn ein først og fremst i det forførande rytmiske og melodiske, men det er noko i den utsøkte minimalistiske forsmansen som gjer desse komposisjonane unike. Låten «Hoksang» er eit glimrande døme på desse kvalitetane. Wallumrød er ein bauta.

LARS MOSSEFINN

Lars Mossefinn er frilans kulturarbeidar og fast jazzmeldar i Dag og Tid.

# KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagabring@gmail.com

## Kveikjande klåre

Christiania Mannskor framfører norsk samtidsmusikk.

CD



MOSTAD, KRUSE, HABBESTAD, NYSTEDT, PLAGGE, MØRK KARLSEN, NÆSS, ØDEGAARD:

Something New

CHRISTIANIA MANSKOR; DIR.: MARIUS SKJØLAAS. LAWØ 2014

Tykkjer du tanken på ein time med moderne mannskor-musikk kling monotont? Då lyt du prøva fordome dine på CD-en til Christiania Mannskor, der du vil oppleva kor fort ein time kan gå: Koret har fin intonasjon og balanse mellom røystene, med kveikjande klårklang, utan den harmonidøljande brumlinga som særmerker somme meir «rustikke» mannskor.

Plata opnar med Jon Mostads (fødd 1942) humorfulle tonestetjing av Rolf Jacobsens «I butikken skoger», der orda i tittelen er tonesette med ein kort og råkande melodisk figur som går att gjennom heile stykket – dette er eit døme på Mostads instrumentalt tenkte komposisjonsteknikk. Meir tilbakeskodande er Kjell Habbestads (fødd 1955) samling *Hymni et sequentiae*, der



FIN INTONASJON OG BALANSE: Marius Skjølaas dirigerer Christiania Mannskor.

opningssatsen «Aeterna rex altissime» med tekst av den heilage Ambrosius flyt som god 1500-talsmusikk. Medan andresatsen «Pange lingua» med tekst av Thomas Aquinas er meir akkordisk og med mest mendelssohnsk mjukleik over seg.

Då denne CD-en blei spela inn, var Knut Nystedt (1915–2014) enno i live. Den fasettrike tonestetjinga av pinsehymnen *Beata nobis gau-*

*dia* byrjar på typisk Nystedtvis med ein homofon og gregorianskklingande melodi som blir gradvis komplisert gjennom tette dissonansar. Dirigenten Marius Skjølaas greier å spennast ein dramatisk og dynamisk boge over dette verket.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikal og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

## Svensk Händel-fan

Johan Helmich Romans klavermusikk har ei galant yte.

CD



JOHAN HELMICH ROMAN:  
**The 12 Keyboard Sonatas, Nos. 1–7**

ANNA PARADISO, CEMBALO. BIS 2014

I 1711 fekk attenårige Johan Helmich Roman frå Stockholm løyve av svenskekongen Karl XII til ei studiereise til England. Men den ugunstige kombinasjonen av krig, pest og pengenaud gjorde at han måtte venta i tre år før han kom seg over kanalen. Der gjekk han i god skule, han spela nørmleg andrefiolin i operaorkestet til Händel, som han truleg òg blei personleg ven med (i den grad det var mogeleg; Händel var ikkje kjend for å vera særleg hjarteleg av seg).

Då Roman i 1721 vende attende til Stockholm og tok over leiinga av hoffkapellet der, var han blitt ihuga Händel-tilhengjar. Det merkar me i orkestermusikken – det mest kjende orkesterverket hans, *Drottningholmsmusikken*, er ein parallell til Händels *Water Music* og *Music for the Royal Fireworks*. Men påverka han òg tydeleg i klaversonatane, for til liks med Händel kombinerte Roman i cembalomusikken sin den galante overflatemelodikken frå 1700-talet med den gjennomarbeidde nordtyske fleirstemdheita som er typisk for 1600-talet.

Melodiane hans er klangfulle, og særleg er giggesatsane gode. Dette er livlege barokkdansar med opphav frå «giggen» i den britiske folke-musikken. På denne CD-en artikulere cembalisten Anna Paradiso dei med kvitt og luftig fingerspel, og gjennom å nytta

tre ulike instrument skaper ho hugnadsfullt klangskifte.

SJUR HAGA BRINGELAND



Cembalisten Anna Paradiso har kvitt og luftig fingerspel i Johan Helmich Romans (1694–1758) klaversonatar. Foto: Pelle Piano



Punktrioen Sleater-Kinney.

Kontrasten kunne ikkje ha vore større til tette, stramme og energiske *No Cities To Love* (Sub Pop/Playground), den gnistrande, nye plata til punktrioen **Sleater-Kinney**, som kjennest både presserande og nødvendig. Bandet er tilbake etter åtte år med andre aktiviteter. Ingenting på *No Cities To Love* er overflodig. Ti låtar på litt over ein halvtime, og det læt vitalt heile vegen. Eit verdig comeback for damene – og det kan ein ikkje seie om alle comeback, gitt.

ØYVIND VÅGNES